



Arkivsaknr: 2024/532-1  
Sakshandsamar: Stein Kåre Løvslett  
Avdeling: Plan, bygg og oppmåling

## SAKSFRAMLEGG

Revisjon av heilskapleg risiko- og sårbaranalyse

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner overordna heilskapleg risiko- og sårbaranalyse for Austrheim kommune, KommuneROS Austrheim 2024, slik den ligg føre og legg den ut til kunngjering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyre.

Saka gjeld

Rullering av heilskapleg risiko- og sårbaranalyse (ROS-analyse) for Austrheim kommune.

Bakgrunn

Det er gjennom lover og forskrifter krav til at kommunen skal gjennomføre heilskaplege risiko- og sårbaranalyser, jf. Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (Sivilbeskyttelsesloven) § 14 samt Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven - Pbl) § 4-3. Kommuneplanar og forskjellige beredskapsplanar skal utarbeidast på bakgrunn av utførte ROS-analyser. Kommunens ROS-analyser må fortløpande holdast à jour med endringane i samfunnet. Eksisterande ROS-analyser må gjennomgåas og oppdaterast slik at dei varetek endringar i føresetnadene som låg til grunn da de ble utført. Frå sentrale styresmakter er det anbefalt at ROS-analysen ne vert gjennomgått minimum kvart fjerde år.

I vedtaket i sak FS-044/22 vart akseptkriteria for analysen vedtatt. Dei vedtatte akseptkriteria er dei same som vart nytta i førre gjennomgang, men dei er supplert med nye akseptkriteria frå Teknisk forskrift til plan- og bygningslova (TEK17). I tillegg er dei tilpassa oppdeling av konsekvensområda i veileidar til heilskapleg risiko- og sårbaranalyse i kommunen, revisjon 2022, versjon 1. Utgitt av dsb.

Områdeinndelinga er den same i dei kommunale akseptkriteria, men områda er oppdelt i to underpunkt kvar. Denne oppdelinga ligg inne i kommunen sine akseptkriteria.

Risiko- og sårbaranalyse omhandlar ikkje hendingar som vert handsama av den ordinære beredskapen.

## Vurdering

Denne overordna heilskaplege risiko- og sårbaranalysen er som tidligare delt inn i sju hovudtema. Deihendingane som er analysert er i utgangspunktet dei same som vart analysert ved førre gjennomgang. Det er nokre nye hendingar som er vurdert. Det er også nokre hendingar som er vurdert etter instruks frå overordna mynde. Dette har ført til at det er fleire hendingar som er analysert ved denne gjennomgangen enn tidligare.

Gjennomgangen av dei ulike hendingane viser at føresetnadane har endra seg i løpet av dei 6 åra sidan førre gjennomgang.

ROS.analysane er gjennomgått av den utvida leiargruppa. Då analysa var ferdig vart resultatet gjennomgått og supplert av kommunedirektøren si leiargruppe i plenum.

Eksisterande ROSS-analyse var sendt ut til offentleg gjennomsyn og uttale før arbeidet tok til i mai 2022. Det vart kunn motteke innspel frå Fiskeridirektoratet med merknadar til risiko- og sårbaranalysen etter høyringsrunden. Disse merknadane er innarbeida i analysa.

## Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til at overordna heilskapleg risiko- og sårbaranalyse for Austrheim kommune, KommuneROS Austrheim 2024, vert vedteke slik den ligg føre og lagt ut til kunngjering.